

Brynjar Svardal
Sørgard 15
6940 Eikefjord
Eigar av gbnr. 90/7 i Flora.

21.08.2013

NVE

MERKNADER TIL KONSESJONSSØKNAD FOR VASSDRAGA PÅ GNR 90 I FLORA.

Viser til merknader innsendt 20.06.2013.

I juni 2012 la Norsk Kraft as fram eit for mange grunneigarar ukjent prosjekt for utbygging av same vassdraga som Småkraft as no har lagt fram. Då skreiv bruk nr. 3: *"Nokon har fått utdelt frekkehets nådegaver" i sjenerande store mengder og som skamfulle burde gå gjennom livet. Eg vil gjere det heilt klart at selskap som Norsk Kraft as ynskjer eg ikkje å involvere meg med, verken no eller i framtida!"* Kvifor han skriv slik, veit eg ikkje.

Først 14 dagar før jul i 2012 hørde fleire av grunneigarane noko om Småkraft as si utbygging. Småkraft as har sett i gang planlegging av kraftutbygging i vassdraga i Svardal bak dei fleste grunneigarane sin rygg, og utan alle grunneigarane sitt løyve. Dei hevdar gjennom advokat Ola Brekken at det er grunneigarane ved vassdraga som eig fallrettane, og søker no om konsesjon i tre variantar for, slik eg ser det, å skvise ut fleire grunneigarar og deira fallrettar i bygda. Ein grunneigar hevdar at vi er blitt utsette for "bondefangeri".

Grunneigarane på bruk 1 og 2 i Svardal har vendt seg til Jordskifteretten for å få ei rettsutgreiing om fallrettane i Svardal, då dei meiner fallrettane er felles slik dei var før jordskiftet av 8.des.1982.

Småkraft as var så pass usikre på eigeidomsforholda at dei kontakta advokat Ola Brekken for å få ei rettsvurdering over fallrettane. På spørsmål frå underskrivne om kva dokument som vart sendt inn til advokaten, svarar dei på e-post: *"Jordskifte avslutta 8. desember 1982."* Advokat Ola Brekken tolkar dette jordskiftet slik at fallrettane i Svardal er skifta ved nemnde jordskifte. Dei to jordskifta som vart avslutta seinare, har Småkraft as ikkje sendt til han, og i dei står det noko heilt anna:

Bruk nr. 4. anka jordskiftedommen av 8.desember 1982 til overjordskifte på grunn av at bruket ikkje hadde fått behalde ein sagbruksrett i Kleivaelva. Bruket åtte sjølv grunnen der saga stod og der fallet er. Bruk nr. 4 fekk medhald i anka både av grunneigarane og av Jordskifteoverretten som sa slik dom 29. november 1983: *"Ankepunkt nr. 10 gjeld den gamle sagbruksretten for bnr. 4 i Kleivaelva, og den er oppretthalden ubrigda av dette jordskifte"*. Bruk nr. 4 fekk då sagbruksretten av felles fallrett i Kleivaelva.

I jordskifte over stølsmarka (utsett skifte frå 1982) som vart avslutta 17.desember 1991 står der: *"Stølselva er etter jordskiftet framleis felles...."*

Desse to domane er rettskraftige og stadfestar at fallrettane i Svardal er felles, og at konklusjonen til Småkraft as sin advokat Ola Brekken er feil, men det bryr ikkje Småkraft as seg om.

I e-post av 13.05.2013 skriv Småkraft as mellom anna: *"Vi ønsker å endre søknaden slik at Litjelva ikke tas med i konsesjonen for ikke å berøre din eiendom"*. Dette oppfattar eg som forsøk på skvising av eventuelle fallverdiar på mitt bruk.

Vidare skriv dei: *"Samtidig vil vi endre prosjektet slik at vi prøver å unngå berøring av din eiendom i Øyrakvia."* Småkraft as bryr seg ikkje om innvendingane om eigeidomsforholda til fallrettane, men krev at eg skal skrive under på det eg oppfattar som blankofullmakt til deira råderett over min eigeidom ved utbygginga. Småkraft as har forhandla med fleire andre grunneigarar, men ikkje med meg.

Småkraft as har vist ei svært negativ framferd i saka, og eg kunne bruke same ord som bruk nr 3 brukte om Norsk Kraft as, og eg seier no heilt klart frå om at Småkraft as ikkje vil verte godkjent som utbyggjar frå mi side, og viser til e-posten deira av 13.05.2013 der dei skriv:

"Dine fallretter i Øyrakvia vil stoppe prosjektet med mindre vi eller de øvrige grunneierne kommer til en enighet med deg." (Desse fallrettane eig eg i følge adv. Ola Brekken si tolking av jordskiftet i 1982) Noko semje har ikkje Småkraft as eller "øvrige grunneiere" prøvt å få i stand.

Småkraft as har dermed ikkje noko prosjekt å få konsesjon på.

Brynjar Svardal